

Trafikksikringsplan Hillestveit skule



8.- 10. trinn

07.01.2021

Kommunedirektøren

Innholdsliste:

1. Kort om skulen:	3
2. Målsetting:	3
3. Tiltak:	4
4. Kompetanse mål frå læreplanen Kunnskapsløftet:	5
<i>8. - 10. trinn (naturfag):</i>	5
5. Opplegg for 8.- 10. trinn:	6
<i>8.trinn:</i>	6
<i>9.trinn:</i>	6
<i>10.trinn:</i>	6
6. Sjekklisten	7
<i>6.1. Skule</i>	7
<i>6.2. FAU</i>	7
<i>6.3. Foreldre/føresette</i>	7
7. Rutinar for transport og turar i regi av skulen	8
<i>7.1. Buss</i>	8
<i>7.2. Bil</i>	8
<i>7.3. På sykkeltur eller fottur:</i>	9

1. Kort om skulen:

På Hillestveit skule er det om lag 147 elevar og 28 tilsette. Dei aller fleste av elevane går eller sykler til skulen. Det er berre nokre få som vert køyrte av foreldra. Men kvar dag er det ei lita gruppe på 8 elevar som kjem med buss og taxi til skulen. Den same elevgruppa vert køyrte heim att når skuledagen er slutt.

2. Målsetting:

Vårt mål er at ingen elevar eller vaksne knytt til skulen skal bli skada eller drepen i trafikken.

For å nå dette målet må:

- **Elevane** ha kunnskap, dugleik og positive haldningar til ei ansvarleg åtferd i trafikken.
- **Tilsette** skal arbeide etter trafikksikker plan og bidra til gode trafikksikre haldningars.
- **Føresette** støtte skulen sitt arbeid med gode haldningar og trafikksikker utrusting av elevane. Støtte elevane si opplæring, vere aktsame i trafikken og hindre at trafikkfarlege situasjonar oppstår i hente –og bringesituasjonar ved skulen.

3. Tiltak:

- Hillestveit skule har trafikkopplæring som ein del av trinna sine årsplanar.
- Skulen og FAU samarbeider om haldningsskapande tiltak og førebyggande trafikkopplæring.
- Skulen og FAU har utarbeida eigne retningslinjer for sykling til skulen, der oppmodar ein foreldra til å ikkje la elevane få lov til å sykle til skulen før dei tek til i 5. klasse.
- Elevrådet har følgjande ønskjer for en trygg skuleveg:
 - Elever med kort skuleveg bør gå til og frå skulen
 - Dersom ein syklar, må ein bruke hjelm
- Føresette bidreg ved å oppmode barna til å gå til og frå skulen, vise aktsemd i hente- og bringesituasjonar og ved å sjå til at eige barn brukar refleks, hjelm og godkjent sykkel. Foreldra vert oppmoda om å følgje Trygg Trafikk og skulen sine tilrådingar om bruk av sykkel.
- Skulen markerar nasjonal refleksdag kvar haust.
- Trafikkopplæringa vert styrka ved at det vert oppretta ein funksjon for ein trafikkansvarleg på skulen, rektor Margrethe J. Eide.
- Skulen har retningslinjer for turar til fots, på sykkel, med bil og buss og desse retningslinjene er med i skulen sin internkontroll.

4. Kompetansemål frå læreplanen Kunnskapsløftet:

8. - 10. trinn (naturfag):

- Elevane skal gjere greie for korleis trafiksikkerheitsutstyr hindrar og minskar skader ved uhell og ulykker.
- Elevane skal gjere greie for omgrepa fart og akselerasjon, måle storleikane med enkle hjelpemiddel og gi døme på korleis kraft er knytt til akselerasjon.
- Elevane skal følgje sikkerheitstiltak som er skildra i HMS-rutinar og gjere risikovurdering.

På ungdomstrinnet er det jamvel fleire læringsmål som har særleg relevans for trafikkopplæringa, som til dømes fart og akselerasjon, lys, syn og farge, samt bruk av rusmiddel. Ein finn også trafikkrelaterte emne i matematikk, samfunnsfag og krle.

5. Opplegg for 8.- 10. trinn:

Alle elevane vil gjennom vanleg undervisning i naturfag, matematikk, (samt krle og samfunnsfag) få trafikkopplæring ut frå kompetansemåla i læreplanen, og skulen sin eigen årsplan i faga.

Framlegg til opplegg på dei ulike trinna:

8.trinn:

- Det vert informert om skulen sin lokale plan for trafikkopplæring på foreldremøte om hausten
- «Gå til skulen» - aksjon ved skulestart, refleksdag og gå-dagen.
- Elevar og føresette skriv under på refleksbruk og hjelmbruk på det årlege samtykkeskjemaet.
- På utedagar får elevane gå- og sykkeltrening i skulen sitt nærområde.
- Praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel, med fokus på at hjelm og sykkel er i forskrifts messig stand. www.trafikkogskole.no: Framleis fokus på hjelmbruk.
- Fremje viktigheten av at tryggleiksutstyr som refleks og bilbelte gjennom demonstrasjon av eggjelm, utdeling av refleks, (Refleksdagen ATL), film, samt anna relevant litteratur.

9.trinn:

- Det vert informert om skulen sin lokale plan for trafikkopplæring på foreldremøte om hausten
- «Gå til skulen» - aksjon ved skulestart, refleksdag og gå-dagen.
- Elevar og føresette skriv under på refleksbruk og hjelmbruk på det årlege samtykkeskjemaet.
- På utedagar får elevane gå- og sykkeltrening i skulen sitt nærområde.
- Praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel, med fokus på at hjelm og sykkel er i forskrifts messig stand. www.trafikkogskole.no: Framleis fokus på hjelmbruk.
- Refleks-demo. Refleksdagen.

10.trinn:

- Det vert informert om skulen sin lokale plan for trafikkopplæring på foreldremøte om hausten
- «Gå til skulen» - aksjon ved skulestart, refleksdag og gå-dagen.
- Elevar og føresette skriv under på refleksbruk og hjelmbruk på det årlege samtykkeskjemaet.
- På utedagar får elevane gå- og sykkeltrening i skulen sitt nærområde.
- Praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel, med fokus på at hjelm og sykkel er i forskrifts messig stand. www.trafikkogskole.no: Framleis fokus på hjelmbruk.
- Refleks. Gjennomføring av oppdrag: Refleks med opplegg frå Trygg trafikk. Kunne dette vært deg? Gjennomføre opplegget med utgangspunkt i materiale frå Trygg trafikk.

6. Sjekklistar

6.1. Skule

Informere elevane om trygge vegval ved skulestart. Informere om skulen sin lokale plan for trafikkopplæring på foreldremøte om hausten.

Ein lærar på skulen er trafikkansvarleg.

Trafikkopplæring er ein del av årsplanane på alle trinn.

Retningslinjer for turar til fots, på sykkel, med bil og buss er nedfelt i skulen sin internkontrollforskrift.

6.2. FAU

Samarbeide med skulen om trafikkaksjonar.

Samarbeide med skolen om haldningsskapande tiltak.

6.3. Foreldre/føresette

Oppmode elevane om å gå til og frå skulen.

Minne elevane på å bruke refleks og hjelm, og sjølv bruke det.

Vise aktsemd i hente- og bringesituasjonar.

7. Rutinar for transport og turar i regi av skulen

7.1. Buss

Som lærar skal du ha fokus på følgjande punkt:

- Informer elevane om korleis dei skal oppføre seg på stoppestaden og i bussen.
- Ha full oversikt over avreisetidspunkt, reisemål og tidspunkt for retur.
- Hald tidene, og syt for at elevane er samla.
- Pass på at elevane sit roleg, og har sikkerhetssele på.
- Plasser deg i bussen slik at du kan følgje med elevane, og gripe inn viss dei er urolege.
- Ta ein runde i bussen etter at elevane har gått av, og ta med attgløymde gjenstandar, søppel og liknande.
- Viss naudsnyt; hjelp elevane/sjåføren med lasting/lossing av bagasje.

Ditt ansvar som elev:

- Ver presis, både ved avreise og retur.
- Stå i ro på stoppestaden når bussen kjem.
- Gå roleg inn i bussen, set deg i setet, og ta på sikkerhetsbeltet.
- Sitt i ro under heile turen.
- Bruk «innestemme» når du skal kommunisere med andre i bussen.
- Ikkje et eller drikk i bussen.
- Sjekk at du får med deg alle tinga dine (inkludert søppel) når du går av bussen.
- Sjå deg godt for om du skal krysse vegen etter at du har gått av bussen.

7.2. Bil

Føresette:

- Kvar kan føresette og tilsette parkera? Faste oppmerka plasser!
- Kvar kan føresette stanse for å setja av eller ta opp barn? Faste oppmerka plasser!
- Unngå rygging!

Vareleveranse:

- Ikkje køyre inn på skuleplassen i skuletid, når elevane er ute.
- Viss nødvendig, køyring under tilsyn.

Byggje- og/eller anleggsverksemd:

Dersom det er byggje- og eller anleggsverksemd i nærleiken av skulen sitt område, må skulen i samarbeid med kommunenivå gjera ei risiko vurdering. Informasjon til alle tilsette, elevar og foreldre.

Rutinane må gjerast kjende for dei tilsette, foreldre og elevane i starten av kvart skuleår.

7.3. På sykkeltur eller fottur:


Når me går på tur skal det alltid vera ein vaksen som går først og ein vaksen som går sist.

Viss ein tur går langs trafikkert veg, skal me alltid vurdera om me skal repetera reglane for god ferdsel i trafikken som fotgjengar og korleis me kryssar ein veg.

Ved sykkelturar skal elevane bruka sykkelhjelm og ha ein sykkel som er i forskrifts messig stand.

Forarbeid:

- Ta med elevliste med telefon nr. til føresette.
- Informasjon til heimen på førehand.
- Dersom elevane skal vere passasjer i bil til tilsette/andre føresette, skal føresette gi godkjening via mobilskule/underskrive skjema først. Dette gjeld arrangement i skulen sin regi, i og utanom skulen.
- Ein vaksen må ha med førstehjelpsutstyr og mobiltelefon.
- Skuleleiinga må informerast.

**TRYGG TRAFIKK**